


# Fjord1



Utgreiing etter Openheitslova  
Rekneskapsåret 2022



Organisasjonsnummer: 983 472 583

## Innhaldsforteikning

Innleiing	3
Organisasjon og ansvarsforhold	4
Organisasjon	4
Ansvarsområde og retningslinjer	4
Eigne tilsette	4
Styrande dokument og retningslinjer	4 - 5
Incentra	6
Aktsomheitsvurdering	6 - 7
Metode	7
Kriterium for vurdering av sannsynlegheit	7
Kriterium for vurdering av konsekvens	8
Leverandør evaluering	9
Oppsummering	10
Tiltak	10
Varslingskanal	10

## Innleiing

Fjord1 er ein leiande aktør i den norske ferjedriftsnæringa, med lange stolte tradisjonar som strekk seg tilbake til 1858. I tillegg til ferje- og passasjerbåttenestar, driv vi og eige cateringkonsept "Ferdamat", i tillegg til å utvikle reiselivet i Fjord-Noreg saman med våre deleigde selskap The Fjords og Fjord Tours Group. Dette inneber at vi har stor breidde i type leverandørar. Alt frå ulike delar og komponentar til service og vedlikehald på verft. I tillegg kjøper vi reinhaldstenester og leveranse av mat og snacks til våre kioskar om bord.

Fjord1 er eit av dei største ferjeselskapa i Noreg, noko som tilseier at vi går inn under Openheitslova sine reglar. Vi er leiande innan elektrisk ferjedrift og vi arbeider med berekraft innanfor innkjøp av varer og tenester knytt til drifta. Vi skal samarbeide med leverandørar som tek samfunnsansvar, og som frivillig integrerer miljøomsyn og tek sosiale omsyn i heile verdikjeda. I tillegg forpliktar våre rammeavtaleleverandørar seg til å følgje gjeldande internasjonale og nasjonalt regelverk.

Rapporteringsperioden gjeld rekneskapsåret 2022.



## Organisasjon og ansvarsforhold

### Organisasjon

Fjord1 AS er operatør med drift av 79 ferjer og hurtigbåtkontraktar. Administrativt personell er tilsett i F1 Administrasjon og lokalisert i Florø, Molde og Bergen.

### Ansvarsområde og retningslinjer

Administrerende direktør har det overordna ansvaret for å følgje opp Fjord1 si etterleving av Openheitslova, herunder rutinar, gjennomføring og publisering av aktsomheitsvurderingar etter lova §§ 4 og 5. Dei meir spesifikke ansvarsområda som ligg under Openheitslova vert sikra gjennomført i samråd med økonomidirektør og innkjøpsleiar.

Openheitslova vert forankra i selskapet sine berekraftsstrategi, i tillegg retningslinjer og rutiner, som sikrar ansvar og etterleving av Openheitslova vert gitt ein faktisk og operasjonell forankring.

### Eigne tilsette

I Fjord1 har vi sterkt fokus på menneska som jobbar i selskapet. Dei skal ha ein trygg arbeidsplass og eit godt arbeidsmiljø. Fjord1 har ein eigen HMS-handlingsplan med status og tiltak som er tilgjengeleg i vårt styringssystem. Denne har alle tilsette tilgang til. I denne ligg det ein integrert proaktiv HMS- og sikkerheitsplan. Tiltak vert gjennomført og fulgt opp kontinuerleg.

Som ferjerederi har vi eit stort fokus på sikkerheit. Vi skal ivareta både passasjerar og egne tilsette om bord på våre ferjer. Dette har vår høgste prioritet. Fjord1 tek vare på sine egne tilsette og har høgt fokus på eiga verksemd. Vi vurderer risikoen for å vere svært lav når det gjeld eiga verksemd.

## Styrande dokument og retningslinjer

Fjord1 sine forretningsetiske retningslinjer (Code of Conduct), er eit av selskapet sine viktigaste styrande dokument og tek sikte på å bygge tillit, vere eit respektert foretak og samfunnsaktør.

Våre forretningsetiske retningslinjer skildrar våre etiske standardar og forventningar.

Kulturen i Fjord1 er tufta på god forretningsskikk, ein open og ærleg fremtreden og respekt for andre menneske.

Vi har eit grunnleggande krav om samfunnsansvar til våre leverandørar. Det betyr frivillig integrering av sosiale omsyn og miljøomsyn i heile verdikjeda. Leverandørane må stadfeste at dei ikkje bryt grunnleggande lovar og reglar knytt til arbeidstakar- og mennekerettar, HMS, er føre-var i miljøsaker og motarbeider alle formar for korrupsjon. Krava er forankra gjennom våre forretningsetiske retningslinjer og innkjøpsprosedyre.

Vi innførte i 2016 to eigenerklæringar; ein for HMS og ein for samfunnsansvar, som våre rammeavtale-leverandørar må signere ved nye avtalar.

Dokumenta har jamnleg blitt oppdatert for å synleggjere at Fjord1 har fokus på samfunnsansvar og dei krav vi set til våre leverandørar og underleverandørar vedrørende «Corporate Social Responsibility» (CSR). Samfunnsansvar betyr i denne samanheng at bedrifter frivillig integrerer miljøomsyn og sosiale omsyn i heile verdikjeda. Denne vert signert av alle våre rammeavtaleleverandørar.

Våre leverandørar må som nevnt forplikte seg til å følgje gjeldande internasjonalt og nasjonalt regelverk, som mellom anna FN si verdserklæring om menneskerettar. Herunder gjeld FN sine berekraftsmål og prinsipp basert på FN og ILO konvensjonar, miljøansvar, motarbeide korrupsjon og overhalde krav i Openheitslova. Leverandørane skal og identifisere risiko for menneskerettsbrot i eiga verksemd og leverandørkjede, og ha ein risikobasert tilnærming til å overhale menneskerettar i leverandørkjeden.



## Incentra

Fjord1 er medlem av Incentra som er ein innkjøpsorganisasjon for norske rederi. Incentra inngår avtalar på vegne av medlemma i samvirket. Før ein eventuell avtale vert inngått må alle leverandørane gjennom kvalifisering for å bli leverandør til Incentra. Her må og leverandørane kvalifiserast innan ei rekke kriterium som mellom anna HMS, anti-korrupsjon, forretningsetikk, transport og emballasje for å nemne nokre av kriteria som må vere på plass før ein avtale vert signert.

Vidare samlar Incentra kvart år inn informasjon frå deira leverandørar gjennom Factlines programvare. Eigenrapporteringa er basert på UN Global Compact og OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv og er i tråd med prosessen for aktsomheitsvurderingar som vert kreve i Openheitslova. Incentra har fått Factlines Verifiseringsmerke for Openheitslova. Datainnsamlinga gir grunnlag for å vurdere om det er etablert god praksis for å overhalde Openheitslova.

Les meir om deira arbeid med Openheitslova: <https://verified.factlines.com/no/933227944>

## Aktsomheitsvurdering

Fjord1 har i sin risikoanalyse valgt å vurdere ut frå bransje for å kartlegge moglege negative konsekvensar for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Vi har gjennomført ein overordna risikovurdering av vår verksemd med utgangspunkt i våre innkjøpskategoriar.

Kriteria for utvelging er basert på om desse kan medføre store konsekvensar for enkelt-personar og/eller grupper av menneske.

Gjennom erfaring og tilsyn har vi prioritert følgjande risikoar som vi skal vurdere på i dei ulike kategoriane:

- Forurreining eller ulykker
- Lave lønningar som ikkje dekkar grunnleggande menneskelege behov
- Overdriven bruk av overtid

Vi tek utgangspunkt i våre næraste leverandørar kor vi har sterkast tilknytning og mest innflyting. Dette grunnjev vi i eit samhøveprinsipp og er difor prioritert.

Vi veit at det finst meir risiko utover i leverandørkjeda, men dette har ikkje fokus per i dag. Tiltak for vidare arbeid er å utvide aktsomheitsvurderinga til og å omfatte ledd i leverandørkjeda som ligg nærare råvarestadiet.

## Metode

Fjord1 har gjort ein overordna risikovurdering (sannsyn og konsekvens) for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. I vår gjennomgang har vi teke utgangspunkt i omvisningar vi har hos leverandøren i samband med møter og samtalar med tilsette i den anledning. Vi har til dømes ved verftsbesøk gått ein runde på heile verftet der dei har gjestearbeidarar eller tilsette frå andre land og sett på bufasilitetar og kantineforhold.

## Kriterium for vurdering av sannsynlegheit

Risiko	Kriterium	
1	Veldig lav	Vil sannsynleg ikkje inntreffe dei neste 5 åra.
2	Lav	Lite sannsynleg å inntreffe dei neste 3-5 åra.
3	Medium	Forventa å inntreffe dei neste 3-5 åra.
4	Høg	Pågår eller forventa inntreffe innan 3 år.
5	Veldig høg	Pågår.

## Kriterium for vurdering av konsekvens

Risiko	Kriterium
1 Veldig lav	Ingen eller ubetydeleg risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.
2 Lav	Lav risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.
3 Medium	Middels risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.
4 Høg	Høg risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.
5 Veldig høg	Alvorleg risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.

## Leverandør evaluering

	Forureining eller ulykke			Lave lønningar som ikkje dekkar grunnleggande behov			Overdriven bruk overtid			Overordna vurdering av leverandør			
	Sannsynleg med avvik	Vurdering av konsekvens		Sannsynleg med avvik	Vurdering av konsekvens		Sannsynleg med avvik	Vurdering av konsekvens					
Leverandør kategori 1 - Verft	Lav	2	Medium	3	6	Lav	2	Lav	2	4	4	Etter befaring hos dei fleste verfta vi nyttar vurderer vi sannsynet for at det kan oppstå forureining eller ulykke verft som lav, men kan medføre betydeleg skadeomfang.	
Leverandør kategori 2 - Reinhold og renovasjon	Lav	2	Lav	2	4	Lav	2	Lav	2	4	4	Fjord1 nyttar store norske aktørar i bransjen som vert ansett som seriøse selskap. Våre fartøy melder tilbake til administrasjonen om dei er usikker på om oppløringa er tilstrekkeleg.	
Leverandør kategori 3 - Forsikring	Veldig lav	1	Veldig lav	1	1	Veldig lav	1	Veldig lav	1	1	1	Velregulert bransje der aktiviteten primært foregår på kontor.	
Leverandør kategori 4 - Reperasjon, vedlikehald og vedlikehald og reparasjon	Lav	2	Medium	3	6	Lav	2	Lav	2	4	4	Konsekvens ved skade eller forureining kan vere betydeleg.	
Leverandør kategori 5 - Brann og redning	Medium	3	Lav	2	6	Lav	2	Lav	2	4	4	Ved øvingar kan det forekomme forureining og skade.	
Leverandør kategori 6 - Catering	Lav	2	Lav	2	4	Lav	2	Lav	2	4	4	Fjord1 nyttar norske leverandørar for produksjon og levering.	
Leverandør kategori 7 - Drivstoff / kraft	Lav	2	Medium	3	6	Lav	2	Lav	2	4	4	Fjord1 nyttar norske anerkjende leverandørar på leveranse av drivstoff og kraft. Vi har ikkje kontroll på leverandørkjeda.	
Leverandør kategori 8 - IT og system	Lav	2	Lav	2	4	Lav	2	Lav	2	4	4	Anerkjende norske og internasjonale leverandørar på hardware og software.	
Leverandør kategori 9 - Forbruksmateriell og rekvisita	Lav	2	Lav	2	4	Lav	2	Lav	2	4	4	Fjord1 nyttar norske anerkjende leverandørar. Vi har ikkje kontroll på leverandørkjeda.	
Leverandør kategori 10 - Hotel og reise	Veldig lav	1	Veldig lav	1	1	Veldig lav	1	Veldig lav	1	1	1	Fjord1 nyttar norske anerkjende leverandørar. Vi har ikkje kontroll på leverandørkjeda.	
Leverandør kategori 11 - Leie / leasing	Veldig lav	1	Veldig lav	1	1	Veldig lav	1	Veldig lav	1	1	1		
Leverandør kategori 12 - Advokat og konsulet	Veldig lav	1	Veldig lav	1	1	Veldig lav	1	Lav	2	Lav	2	4	Velregulert bransje der aktiviteten primært foregår på kontor.



## Oppsummering

Selskapet har gjennomført ei evaluering på overordna nivå per kategori og ikkje vurdert nokon til å ha høg risiko for brot på menneskerettar eller anstendig arbeidsforhold.

I vår vurdering av risiko har vi for kategoriar som verft, vedlikehald og service, reinhald og catering, vurdert det som veldig lav eller lav risiko. Årsaken er at vi ikkje har funne faktiske brot eller identifisert vesentleg risiko for brot. Vi har gjort tiltak og følgjer opp leverandørane om nødvendig.

Fjord1 har ikkje identifisert vesentleg risiko for brot i samsvar med Openheitslova hos våre leverandørar. Vi mistenker at det finst meir risiko utover i leverandørkjeda, men dette har vi ikkje fokusert på per no.

Vi anslår at det i kategoriane verft, reinhald og catering (mat) kan vere risiko for brot på menneskerettar og anstendig arbeidsforhold i heile leverandørkjeda, men evaluering av heile leverandørkjeda er ikkje utført. Dette vil vi vurdere i neste omgang.

## Tiltak

Selskapet vil utvide aktsomhetsvurderinga til å omfatte heile leverandørkjeda.

Vi vil halde fram med å forhåndskvalifisere leverandørar med fokus på berekraftig innkjøp som ein del av vår overordna internkontroll.

Vårt krav om å signere både Eigenerklæring-HMS og Eigenerklæring for Samfunnsansvar vil framleis vere eit absolutt krav frå oss.

Aktsomheitsvurderingane vil bli utført regelmessig basert på kunnskap som vi tileignar oss etterkvart som vi arbeider med dette.

Vi vil vurdere å sende ut eigenrapportering til leverandørane der dei skal svare på korleis dei etterlev krava i Openheitslova.

## Varslingskanal


Vi har etablert ein varslingskanal slik at ein kan melde frå til oss på ein god måte. Lenke til varslingskanalen: <https://minvarsling.azurefd.net/varsling/NOF/default.asp?cid=1G26G226G42G23>

Florø, 29.06.2023

## Styret i Fjord1 AS



Vegard Sævik  
Styreleiar



Per Sævik  
Styremedlem



Reuben Munger  
Styremedlem



George Polk  
Styremedlem



Pål Harr Wefring  
Styremedlem



Bjørn Sørli  
Styremedlem



Dagfinn Neteland  
Administrerende direktør  
Fjord1 AS